Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Finnsland

Emne: Skav. | Bygdelag: Vindastrondi

Oppskr. av: Bernh. Skipevåg | Gard: Rönnevik

(adresse): Rönnevik | G.nr. 99 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eiga.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Skogafor – hjelpefor.
2. Skav, beit og lyng.
(Skogafor og hjelpefor)
3. Han sat og skov. Eg skjeve
idag. Me dreiv på med skaving.
Dei vil gå å skova.
4. Ja, ikkje so lite enno, når foret
minkar om våren.
Skav. Tidlegare for 30-40-50
år sidan, byrja ein med skav-
ing tidlegt på vinteren fyre
jol ein „heldt attåt" som ein
sa, for å få höyet til å vara
lenger. I dei siste 10-20 åra
har skavinga minka mykje.
No er det berre i vårknipa. I
seinare nåvar at ein ~~forar~~ med skav.
5. Det er etter det treslag som veks
på garden. Her på garden mest eik
elles er det ask, osp, raun og
alm og tildels bjørk. Alm er hal-
den for best, so osp og raun. Skav
~~av~~ eik og ask åt dyra mest av.
Selja og alm vart helst bruka om våren

1159

når det „svar" (senja w kanni)
6. Nei.
7. Ja. „Ask gjer kui rask. Eik gjer kui veik. Skav av osp, gjer kui smör i ysjk. (Ysja)
Dette rimet som står i skjemaet hav eg ikkje höyrd.
8. Kir, men og sau og geit. Vinteren, men mest om våren båe deler. Men oftast var Kvelds-mölet skav.
Osp og rann vilde dei aldri ha mykje av.
9. Ja, når ein gav dei litt attåt det andre faret. Ja når dei fekk skav av osp og raun, vert sjömen tjukk og smört gult. Ja viss dei åt mykje av det.
10. Ja, ein köyrde og bar heim morka eins ovind, og so hogde ein småmorka opp og bar inn i huset eller fjoset og skav. Dei store stokkane på 4-5-6 u skav ein ute heile med banda-kniv. Uejfond har ikkje vore bruka her av tre.
11. Er på markaskog. Gjör etter ei markobår. Når det lied på våren var det vanlegt å gå etter i markobår, fyre ein åt til morgons dette var for 25-30-40 år sidan.
12. Mork. Når han er skoren: Skjevlar
13. Ja, men berre fr morh. Ikkje lauv grunn då lauva ein, heile mosesanking

II

14. Som regel kunna ein marka heim for dagen, for at ho ikkje skal turka. Men om vinteren når ho var frossi, kunde ein gjerne køyra heim ein del.
Ikkje hardare enn anna skogsarbeid-det med langfredag har eg ikkje høyre

15. I stova, kjøkken elle fjøset. Store stokkar ute i tunet.

16. Skavkniv og bandakniv. Skav-kniven var som regel laga av eit gammelt ljåsbrot med ei filla surra rundt. Helst av ein utsliten langorolja. Bandakniven har handtak i båe endar, men vart som sagt berre nytta til større stokkar.

17. Dei tjukke stokkane frå 4-5 t. og oppetter la ein i sagekrokken når ein skar. Smámarka som ein hogg rundt og bar inn i stova elle fjøs og skar, til denne brukte ein skavkrakk. Krakken var laga av ein 3 t. tjukk plank 70-80 cm. lang og ca 30 cm. breid med 4 føter under. På eine sida, ut til venstre enden frå krakken var hogge eit hol, inn i dette holet stakk ein so ein krok som var laga som ein vinkel til denne kroken stytta ein so ljåen når ein skar og la so høgre handa mot ljå høgre kneet med venstre handa heldt ein kjeppen og drog under ljåen.

1159

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

18. Andre brukte skavstaur. Ein staur som dei sette på golvet og kila andre enden under ein bjelke i lemmen og so sat dei på ein krakk og stóa fjåm ott-åt denne når dei skav.
Denne stauren kallast alltid Skavstaur.
Andre hadde spikra ei list til tingekanten og stóa fjåm otttil.
Skavhal har eg ikkje høyrd. Det var anten skavstauren ell krakken
19. Svara på under 17.
20. Skjevlar. Stivne tre: Skonne brandar

Sjå 23. AR.

21. Skav. Toppane som ein braut av: Sveg. Kvar bite vart kalla: ei skavblokk
22. Båe deler, men småskava åt dyra best. (Veden morka) hogg ein i lengder på 30-40 Cm. og kvista henne godt. Eg kan minnast frå eg var liten, at sume hadde stoppe inne i stova og hogg skjevlane opp og la dei bak omnen. Der turka dei fort. og om ein dag ell to brukte dei, veden i omnen.
23. Kjeppane kallar ein fyre dei er skavne: stork. Etterpå: Skjevlar. Fleirtal: Skjevlar. Sjå under 20.
24. Dyra åt det best, når det var tynt og fint skava, med litt av tre til. Var det stivne tre av osp og ik, måtte ein fyrst få „morken" av, utanpå, fyre ein skav.
25. Vanleg brenned. Av osp til bakstened.
26. Såga litt utetter vinane, etter som

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 1159

III

~~Saam~~ ein hadd for til. Men det har minka mykje av dei siste 20-30 åra.

Marking og skoning var tess mykje nytta i den drifta som var i fyrre hundradåret. Då var det å berga dyret – livet – gjenom vinteren og so var det fjellet um sumaren ~~og~~ beita dei som skulde skoffa kjøtet og smøret. Og det e ei gamal røynsla her, at dyr som har fått helle mykje skogafor um vinteren, tekk seg betre i fjellet um sumaren.

Med dei arbeidsprisor her e no, so vert skogafóringa for dyr. Ein kjøpe helle høy, halm og kraftfor, so sant her e råd å få tak i.

Dei gamle „Kjødlestuone" som var tildels mange hundre år gl. Ja her står ein stor Eikestuv oppe med Eiksungen, som dei gissa på e minst 1000 år. ~~Dæ~~ må 3-4 mann til for å fenna ho og ho e innhol og 3-4 mann kan gå inni hone. Stuvone minkar. Dei vert hogne til ved. For 50-60 år sidan var her på garden rundt bøen minst 3-400 stuv helst eik, men og av ask og lind. Idag e her berre 20-30 att- som eit minne um „forna dag" ei jordbruksdrift som ikkje finst lenger. Nu e det timotihøy og kraftfor um vinteren og kulturbeite um sumaren.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
1159